Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 29 - 1999

Oslo 1999

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 29 1999

Redaksjonen er avslutta 10. juni 1999

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR
G. Akselberg: Norsk namnegransking og nordistikken 2
NORSK NAMNELAG
Styremøte i Norsk Namnelag 3
KONFERANSAR OG MØTE
Møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking 3
Oluf Rygh-symposiet på Stiklestad 13.-15.5.1999 4
ICOS XX i Santiago de Compostela 6
Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking 7
ANNA MELDINGSSTOFF
T. Larsen: Norsk stadnamnbibliografi 8
M. Holtet: Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* på nettet 9
Tips om namneartiklar i mindre utbreidde publikasjonar 1998 10
Semesteremne i namnegransking – eit nytt fagtilbod ved Universitetet i Tromsø 10
I. Utne: Om arbeidet med ny personnamnlov 11
Rettingar 13
NORMERING OG BRUK AV NAMN
A. Svanevik: Evaluering av lov om stadnamn 13
T. Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker 14
Noreg i nynorsk! (Fråsegner frå Samarbeidsnemnda) 18
Gardsnavn som underadresser 23
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN
A. Rostvik: Bustadnavn i Østfold 25
I. Lund: Capralhaugen 27
A. Torp: Christianssand eller Kristiansand? 31
F. Myrvang: "Gjendøperi" eller kva? 34
T. Falch: Namnevern for fornamn 38
F. Korslund: Våre landsdelsnavn 39
BOKMELDINGAR
L. S. Vikør: Namn er mye meir enn namn 45
T. Schmidt: Etterlengtet Rygh-bibliografi 48
Ryghs *Forord* og *Indledning* atter i handelen 49
OMTALER AV HOVUDOPPGÅVER
P. Hallaråker: Smånamn frå ei sunnmørsbygd 50
A. Kruse: Namn og språkkontakt på Orknøyane 51

LEIAR

NORSK NAMNEGRANSKING OG NORDISTIKKEN

Annakvart år vert det arrangert ein større konferanse om norsk språk, kalla *Møter om norsk språk* (MONS). I haust skal MONS haldast ved Universitetet i Tromsø, og det er den åttande konferansen i rekkja. MONS er ein viktig møtestad for forskarar innom ulike greiner av nordistikken, som t.d. dialektologi, sosiolingvistikk, fonologi, prosodi, morfologi, syntaks og tekstanalyse. MONS er ein ideell møtestad for dei som vil verta oppdaterte om dei nyaste forskingsresultata og om kva for forsking som går føre seg innom dei ulike disiplinane. MONS er dessutan eit viktig etter- og vidareutdanningsforum for forskarar og lærarar, og MONS-rapportane er nyttige referansekjelder. Og ikkje minst er MONS ein viktig stad der ulike disiplinar og fagfolk kan markera faga og fagmiljøa sine.

Namnegranskinga, både stadnamn- og personnamngranskinga, er ein sentral del av nordistikken. Ikkje minst det at namnegranskinga er ein tverrfagleg disiplin, både språkleg og historisk-kulturelt, styrkjer den sentrale nordiske posisjonen til faget. Likevel har onomastikken til no diverre vore lite synleg på MONS, ja, mest fråverande. Det kan vera mange grunnar til det. Norsk og nordisk onomastikk, særleg stadnamn-granskinga, har sin eigen forskingstradisjon og sitt eige svært aktive forskingsmiljø, ofte åtskilt frå nordistikken elles. Det er eit indre samhald og eit godt nasjonalt og nordisk fagmiljø innom onomastikken, og vi har våre eigne symposium og konferansar. Dette er ein styrke som mange andre fagmiljø saknar, og det er ein verdi som vi namnegranskarar og namneinteresserte må ta vare på og vidareutvikla.

Men vi må også sjå utover både fagleg og fagsosialt. Det er nyttig av mange grunnar, ikkje minst med tanke på rekrutteringa til faget og særleg med tanke på den faglege utviklinga. I den fagteoretiske debatten som har prega disiplinen dei siste åra, har det ofte vorte argumentert for at vi som namnegranskarar må sjå til andre språklege disiplinar. Det er frå desse vi kan henta inspirasjon, både teoretisk og metodisk.

Det er avgjerande å ha ein nær fagleg kontakt med andre nordist-miljø, og saman vera med å utvikla nordistikken. Det er difor viktig at norsk namnegransking markerer seg på MONS. I år vert det diverre ikkje noka namnemarkering i Tromsø, men vi får håpa at namnemiljøet kjem sterkt att på MONS 9. Fyrste gongen vi markerer oss på MONS, ville det vera høveleg at vi skipar ein såkalla dugnad. Då kan fleire av dei aktive namnegranskarane ta del og saman presentera sentrale sider ved disiplinen og nokre av dei viktigaste forskingsfelta. På ein dugnad kan vi også koma tilhøyrarane i møte gjennom felles diskusjonar av aktuelle faglege emne, t.d. teori og metode. Namnegranskarar og namneinteres-serte, kryss av i kalendaren for MONS 9!

Gunnstein Akselberg, Bergen

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte 14. mai 1999 på Stiklestad, i forbindelse med Oluf Rygh-symposiet 14.-16. mai samme sted. Gunnstein Akselberg (leder), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker, Botolv Helleland, Lars Vikør og Anne Svanevik var til stede. Akselberg orienterte om at forsinkelse i forbindelse med pakking og utsending var årsaken til at *Namn og Nemne* nr 15 – 1998 kom ut til abonnentene seinere enn vanlig. Videre orienterte han om innholdet i det kommende *Namn og Nemne* nr 16 – 1999. Det samme gjorde Botolv Helleland vedrørende *Nytt om namn* nr. 29 (dette nummeret).

Akselberg opplyste at Namnelaget nå har 380 medlemmer – en økning på 15 på et halvt år. Kampanjen i presse og tidsskrift har vært vellykket. Lagets økonomiske situasjon er fortsatt god. Fremdeles får vi ca. 40 000 kr i trykkestøtte fra Forskningsrådet hvert år. Akselberg fortalte også at vi fra høsten må skaffe en erstatning for Gunhild Stefansson på Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, som har vært engasjert til føring av regnskap og medlemsregister for Namnelaget i noen år. Fra høsten går hun av med pensjon.

Ellers ble det orientert om programmet for NORNA-møtet som skulle holdes på Stiklestad to dager seinere (16. mai) og om de pågående revisjonsarbeidene med stedsnavn- og personnavnloven.

Etter planen holdes neste landsmøte i Norsk namnelag torsdag 11. mai 2000 på Universitetet i Oslo, i forbindelse med den 9. nasjonale konferansen i namnegransking (se annet sted i bladet).

Anne Svanevik

KONFERANSAR OG MØTE

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte i Verdal 13 mai rett før Oluf Rygh-symposiet 14.–15. mai. Ole-Jørgen Johannessen, Universitetet i Bergen, vart vald til ny leiar. Når det gjeld referatsakene, kan det nemnas at Ivar Utne, Universitetet i Bergen, representerer det namnefaglige miljøet i den komitéen som Justisdepartementet har oppnemnt til å revidere personnamnlova (sjå Utnes artikkel i dette heftet, s. 11–13). Elles uttrykte Samarbeidsnemnda glede over at den fyrste versjonen av ein revidert stadnamnbibliografi nå er tilgjengelig på Internett. Det er

Terje Larsen, Universitetet i Oslo, som har stått for dette arbeidet (sjå s. 8–9 i dette heftet).

På litt lengre sikt vil ein også finna ein norsk personnamnbibliografi på Internett. Det er Kristoffer Kruken (Oslo) og Terje Aarset (Volda) som arbeider med denne bibliografien.

Av saker som var oppe på møtet, kan desse nemnas:

– Det har hittil vori eit problem at hovudfagsstudentar har måtta vente temmelig lenge på å få utlevert namnemateriale til oppgåver om personnamn frå Folkeregisteret. For å prøve å gjøra saksgangen raskare vedtok Samarbeidsnemnda å utarbeide eit standardskjema som hovudfagsstudentane kan bruke når dei søker om å få utlevert namnedata.

– Ved Universitetet i Oslo har ein sett i gang nettbasert undervisning i namnegransking - i fyrste omgang på hovudfagstrinnet. Samarbeidsnemnda ser gjerne at ein slår inn på nye pedagogiske vegar, og namnegransking skulle vera godt eigna for nettbasert undervisning, t.d. i samband med oppgåveskriving da ein kan ha mye nytte av dei store namnedatabasane som etter kvart er lagde ut på nettet.

– Botolv Helleland orienterte om den neste nasjonale namnekonferansen i Oslo i mai år 2000: *Namn gjennom 2000 år - og i år 2000* (s. 7–8 i dette heftet).

GA

OLUF RYGH-SYMPOSIET PÅ STIKLESTAD 13.-15.5.1999

Det 27. NORNA-symposiet vart halde på Stiklestad 13.-15. mai 1999 og gjennomført på ein vellykka måte både fagleg og sosialt. Komiteen, med medlemene Jørn Sandnes, Olav Skevik, Ola Stemshaug, Lars F. Stenvik, Øystein Walberg og Berit Sandnes (sekretær), hadde all ære av arrangementet. Om lag 60 granskarar frå Danmark, Finland, Frankrike, Færøyane, Noreg, Storbritannia og Sverige tok del, dei fleste frå Noreg.

Om lag heile første dagen var avsett til plenumsforedrag om Oluf Rygh både som menneske, historikar, arkeolog og namnegranskar, men med størst vekt på namnegranskaren, naturlegvis. Foredraga andre dagen var delte inn i to seksjonar og inneheldt ulike særemne frå tolkingsmetodikk og stadnamnteori til namn og busetnadshistorie sett i lys av seinare års "flatavdekkings-prosjekt" med døme frå Møre og Romsdal.

Til høgre: Utferd til barndomsheimen til Oluf Rygh, Haug i Verdal i Nord-Trøndelag. Deltakarane på Oluf Rygh-symposiet 14.–15. mai 1999 har samla seg om bautaen der ein kan skimta innskrifta "Oluf Rygh 1833–1899". På det nedste biletet legg Jørn Sandnes ned ein minnekrans på vegner av symposiedeltakarane. Ei høgtidleg stund for dei mange som berre kjende denne store vitskapsmannen frå skrift. Av tekniske grunnar er ikkje biletkvaliteten så god som han burde vera, og det seier vi oss leie for. Fotograf er Vidar Haslum.



Det er tre faglege inntrykk eg sit att med etter dette symposiet. For det første var det ei tverrfagleg samkome mellom arkeologar, historikarar og stadnamngranskarar samla omkring Oluf Ryghs arbeid som arkeolog og historikar, men først og fremst som grunnleggjaren av norsk stadnamngransking gjennom nasjonalverket *Norske Gaardnavne*. For det andre inneheldt faktisk alle foredraga med tilknyting til Ryghs stadnamnarbeid, både om sjølve gardsnamna og *Indledning*, nesten berre fagleg rosande merknader, samstundes som fleire døme på fonologiske og morfologiske feil vart nemnde. For det tredje syntest dei fire nestorane i nordisk stadnamngransking, Thorsten Andersson, Gösta Holm, W.H.F. Nicolaisen og Jørn Sandnes å vere like engasjerte som tidlegare og kom med mange sentrale merknader og spørsmål.

Tilskiparane hadde invitert til eit omfattande sosialt program med meir eller mindre tilknyting til Oluf Rygh: ekskursjon til Oluf Ryghs fødestad og til Aker Verdal, rundtur i Verdalen for å sjå på merke etter det store raset i 1893, spasertur for å sjå på gravhaugane på Stiklestad, kulturkveld på Stiklestad med utdrag av historiske spel, og festmiddag med tilhøyrande talar om kvelden. Alle desse tilstellingane var gilde og lærerike, men kanskje det burde ha vore fleire innslag med stadnamn og lokalhistorie frå Verdalen.

Samla sett var dette eit verdig 100-årsminne over Oluf Ryghs død, og det vil truleg føre til at den sterke posisjonen han har i norsk og nordisk namnegransking blir endå sterkare enn i dag.

PH

ICOS XX I SANTIAGO DE COMPOSTELA

Spansk vertskap for Den 20. internasjonale kongressen i namnegransking

Som nemnt i førre nummer av *Nytt om namn* vert Den 20. internasjonale kongressen i namnegransking halden i Santiago de Compostela i den nordvestlege delen av Spania 20.-25. september i år. Til denne pilgrimsbyen i det gamle Jakobsland etlar fylgjande norske namnegranskarar seg (eventuell foredragstittel i parentes – opplysningane er henta frå 2. kongressrundskriv):

Gunnstein Akselberg (Foreign place-names in Norwegian atlases and text books), *Gulbrand Alhaug* (A comparison of the name stock of different periods: a method for capturing the idiosyncracies of each period), *Eli Ellingsve* (Making plausible the semantic relationship between the head and a modifying personal name in nominal compounds (place-names)), *Botolv Helleland* (La lois norvégienne sur la normalisation des noms de lieu: objectifs et application), *Elin Vanja Karikoski, Gudlaug Nedrelid* (Der Personennamenbestand in Henrik Ibsens Gegenwartsdramen aus namentypologischem und namensoziologischem Gesichtspunkt), *Aud-Kirsti Pedersen* (Women and men in North-Norwegian place-names), *Guro Reisæter, Inge Særheim* (Personal names as first

element in some settlement names from Southwest-Norway), *Ola Stemshaug.*

DEN 9. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Torsdag 11. – fredag 12. mai 2000
Blindern, Universitetet i Oslo

Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking har fått tittelen **Namn gjennom 2000 år – og i år 2000**. Med i organisasjonsnemnda er Gulbrand Alhaug, Universitetet i Tromsø, Ola Stemshaug, Universitetet i Trondheim, Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen og Botolv Helleland, Universitetet i Oslo. Redaksjonsnemnda er samansett av Kristin Bakken og Kristoffer Kruken, båe frå Universitetet i Oslo. Praktisk tilskipar er Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo.

Konferansen, som i år går over to dagar, vert halden på Universitetet i Oslo på Blindern og er planlagd som eit ledd i markeringa av tusenårsskiftet. I samband med konferansen skipar Norsk namnelag til landsmøte. Arrangementet startar kl 12 torsdagen og vert avslutta kl 16 fredag ettermiddag. Om kvelden fyrste dagen vert det sosialt samvær.

Tittelen på konferansen, *Namn gjennom 2000 år - namn i år 2000,* er valt for å framheva det doble perspektivet ved namnestudiet, nemleg det historiske perspektivet som viser til den høge alderen namna våre kan ha, og det notidige perspektivet som siktar på mangfaldet i typologi og namnebruk inn i det nye tusenåret. Ved å ta opp namn i ulike språklege, historiske og sosiologiske samanhengar vil ein setja søkjelyset på den unike verdien dette materialet har for auka forståing av språk, individ og samfunn i eit notidig og historisk perspektiv.

Dei som ynskjer å halda foredrag på konferansen (20–25 min. pluss 5–10 min. diskusjon), kan fylla ut vedlagde ark og senda ein kopi til Seksjon for namnegransking innan 1. januar 2000. Dersom det melder seg på for mange foredragshaldarar, avgjer komiteen kven som kan få plass. Komiteen har på førehand invitert tre personar til å halda kvart sitt hovudforedrag. Dei er: *Thorsten Andersson* (Namnforskningen inför 2000-talet), *Vibeke Dalberg* (Nordisk navneforskning i internationalt perspektiv) og *Jørn Sandnes* (Norsk navneforskning i tverrvitenskapelig perspektiv. Hva er oppnådd – hva kan framtida gi?). Foredraga skal som vanleg prentast i ein eigen rapport.

Påmelding til *Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo;* faks (++47)22854381, e-post: botolv.helleland@inl.uio.no
Frist: med foredrag: *1. januar 2000;* utan foredrag: *1. april 2000.*

(Kopier denne sida og fyll ut)

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr./-stad: .....

Tel: ..... Faks: .....

e-post: .....

Tittel på eventuelt foredrag:

.....

.....

ANNA MELDINGSSTOFF

NORSK STADNAMNBIBLIOGRAFI

Norsk stadnamnbibliografi er no lagd ut på Internett i ein råversjon. Adressa er:

http://www.dokpro.uio.no/namn/bibliografi.html

Bibliografien er ordna alfabetisk etter forfattarnamn med kronologisk oppføring av dei einskilde titlane og omfattar no (1. juni 1999) arbeid som er publiserte til og med 1994. Fram til og med 1990 står alle forfattarar i ein hovudkatalog. For perioden 1991-94 står berre forfattarar med etternamn på A til Q i hovudkatalogen. Forfattarar med etternamn frå R til Å står som tillegg.

Det er planen å leggja alle inn i hovudkatalogen, og vidare å oppdatera bibliografien slik at alle årsbibliografiar som er publiserte i *Nytt om namn* etter 1994, kjem med. Planen er at bibliografien skal bearbeidast slik at han blir meir brukarvennleg og føremålstenleg.

Nettversjonen av Norsk stadnamnbibliografi byggjer på den stensilerte utgåva *Norsk stadnamnbibliografi* som Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, gav ut i 1981. Den er redigert av underskrivne, som

òg har sett saman bibliografien for åra 1981–1988 og 1989–1993 – for denne siste bolken fyrst etter å ha publisert årsbibliografiar i *Nytt om namn*. Bibliografien for 1994 (og seinare) er hovudsakleg samanstilt av Gulbrand Alhaug og fyrst publisert i *Nytt om namn*.

Ein kan søkja etter forfattarnamn, årstal og ord- og bokstavkombinasjonar ved å klikka på 'Edit' og deretter 'Find in page'.

Alle slags merknader og opplysningar om eventuelle tillegg kan sendast til e-post: s-na@inl.uio.no.

Terje Larsen
Oslo

OLUF RYGHS *NORSKE GAARDNAVNE* PÅ NETTET

I slutten av april i år avslutta Delprosjekt navnegransking ved Dokumentasjonsprosjektet arbeidet med internettversjonen av Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*. Arbeidet begynte allerede høsten 1995. Pr i dag (juni 1999) er bind I-XVII tilgjengelig på nettet; bind XVIII og *Forord* og *Indledning* blir også tilgjengelig i løpet av kort tid.

Registreringsarbeidet er i all hovedsak gjort ved Universitetenes Registreringssentral i Indre Salten. Her har verket blitt skanna og koda i SGML-baserte tagger. I kortere perioder har registreringsgrupper i Bardu, Horten og Tønsberg også vært involvert.

Verket viste seg å ha en struktur som gjorde registrering og klassifisering av data til ei forholdsvis ukomplisert affære. Dette medførte også at det sjelden blei nødvendig for innskriverne å foreta faglige avveiningar. Det er god grunn til å berømme registreringsenhetene for jobben de har gjort; arbeidet har vært av meget høy kvalitet i alle ledd.

At prosjektet har tatt lenger tid enn venta, skyldes for det første at Dokumentasjonsprosjektets fase 2 måtte skrinlegges da det ikke blei bevilga midler over statsbudsjettet for 1997. Det blei derfor nødvendig å finne ei anna form for finansiering, og med midler fra Norsk kulturråd, Norsk språkråd og ei rekke fylkeskommuner har prosjektet heldigvis latt seg fullføre. I tillegg har det virka som en forsinkende faktor at de som har gjort sjølve registreringsjobben, har vært arbeidsledige på tiltak; bemanningssituasjonen har derfor til tider vært uforutsigbar.

Nettadressen til *Norske Gaardnavne* er:
http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html.

Det er mulig å søke etter et gårdsnavn i hele verket, men søket kan også avgrenses med kriteriene *amt*, *herred* og *sogn*. Er en usikker på skrivemåten av navnet en søker etter, kan en søke ved å skrive en del av navnet med prosenttegn før og/eller etter. Det er også søkefelt for litteraturreferanser og ord- og navneformer i sperra skrift. Muligheten til å foreta fritekstsøk åpner for en ny bruk av verket. Dersom en er interessert i nedsettende navn, kan en hente fram ei liste over slike ved å søke etter ordet "nedsættende" i fritekst. En historiker på jakt etter

høvdingseter kan på den samme måten søke etter ordet "høvding" og dermed få ei liste over gårder der dette ordet forekommer i behandlinga av navnet. En får tilslag på nøkkelordet i sammensetninger ved å skrive prosenttegn før og etter. Verket er kopla med flere av Dokumentasjons-prosjektets databaser (arkeologi og Diplomatarium Norvegicum). Et klikk på henvisningene til Diplomatarium Norvegicum fører videre til det elektroniske diplomatariet. Dette gjør det mulig å bruke verket på en ny og langt enklere måte enn før, og det er å håpe at store grupper av brukere innafor flere fagområder vil finne basen nyttig.

Morten Holtet
Oslo

TIPS OM NAMNEARTIKLAR I MINDRE UTBREIDDE PUBLIKASJONAR 1998

Vi presenterer kvart år *Norsk namnebibliografi* i haustnummeret av *Nytt om namn*. Det er mye interessant namnestoff å finne i mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokale årbøker og tidsskrift, og artiklar frå slike publikasjonar bør absolutt vera med i *Norsk namnebibliografi*. Men problemet for redaksjonen er å ha oversyn over alt som blir trykt. Derfor ville det vera fint om du informerte oss om namnestoff frå ditt eige distrikt. Du kan også gi oss beskjed om lengre namneartiklar som har stått i aviser. Desse opplysningane bør vera med:
– Tittel på artikkelen
– Namn på tidsskriftet / årboka
– Sidetilvising, t.d. s. 12–18 (tyder at artikkelen går frå side 12 til 18)

Sentrale tidsskrift som *Namn og Nemne*, *Namn och bygd* og *Maal og Minne* har vi sjølve lett tilgang til, så dei treng du ikkje tenkje spesielt på.

Opplysningane kan du sende til:
Gulbrand Alhaug, HUM-fak., 9037 Tromsø
faks 77 64 42 39
e-post Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no
Svarfristen er *20. september 1999.*

SEMESTEREMNE I NAMNEGRANSKING - EIT NYTT FAGTILBOD VED UNIVERSITETET I TROMSØ

Ved Universitetet i Tromsø vil ein hausten 1999 tilby semesteremne i namnegransking. Eksamen i dette emnet gir 10 vekttal. Studiet er oppdelt i to like store delar som kvar gir 5 vekttal:
I. Allmenn del
II. Fordjupingsdel

Under fordjupingsdelen står arbeidet med ei sjølvvald namne-oppgåve sentralt. Studiet er til vanleg eit fulltidsstudium over eitt semester, men av og til kan undervisninga gå over to semester, dvs. som deltidsstudium. Eit slikt deltidsstudium vil særlig vera aktuelt for dei som elles er i fullt arbeid, t.d. tilsette i offentlige etatar rundt omkring i Nord-Noreg. Studentane møter da opp til 3–4 helgesamlingar i kvart av dei to semestera.

Emnet høver både som ein del av historisk-filologiske fagkombina-sjonar og som bakgrunn for arbeid i kommunal, fylkeskommunal eller statleg kultursektor, i kart- og planleggingsarbeid og i kulturhistoriske museum og samlingar. Studiet skal gje god innsikt i sentrale trekk ved stadnamn, personnamn og andre namn. Studentane skal også få ei innføring i praktiske sider ved arbeidet med namn, innsamling, bruk av arkivmateriale, arkivering og databehandling av namn. I studiet kjem ein bl.a. inn på kva som skil namn og namnestrukturar frå andre ord og strukturar i språket. Studentane skal også få auga opp for at namn kan sjåas i ein vidare samanheng, dvs. i høve til kultur, historie og samfunn. Namnevern og offentleg normering av namn inngår og i studiet. Nordnorske namn og namnemønster blir særskilt vektlagde, t.d. språkkontakt i stadnamn med utgangspunkt i nordnorske språkkontakt-tilhøve.

Under del II (fordjupingsdelen) skal studentane skrive ei semester-oppgåve på om lag 15 maskinskrivne sider innafor eit sjølvvalt emne (stadnamn, personnamn eller andre namn). Inntil tre studentar kan skrive oppgåve i lag. (Omfanget av oppgåva blir da avtala med faglæraren.) Namnematerialet kan vera arkivmateriale, materiale ein sjølv samlar inn, eller begge delar. Studentane får rettleiing under arbeidet, og det kan vera naturlig at ein del av rettleiinga foregår i grupper. Semesteremnet har eit pensum på om lag 1200 sider fordelt nokolunde likt på del I og II.

I dei siste åra har forholdsvis mange studentar skrivi heimeoppgåve om stadnamn på mellomfag - med Helge Stangnes som entusiastisk lærar. Så får vi håpe at det også blir ein del studentar som stiller opp til det nye semesteremnet i namnegransking til hausten.

GA

OM ARBEIDET MED NY PERSONNAMNLOV

I brev 22.4.1999 har Justisdepartementet oppnemnt ei arbeidsgruppe som "skal utrede behovet for navnelovsrevisjon". Leiar er Yngve Svendsen, byrettsdommar i Kristiansand byrett. Gruppa har elles representasjon frå Kontaktutvalet for innvandrarar, Innvandringsavdelinga i Kommunal-departementet, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, og Sentralkontoret for folkeregistrering. Underteikna er oppnemnt etter framlegg frå Sam-arbeidsnemnda for namnegransking. Justisdepartementet har sekretær-funksjonen. Gruppa har frist til 1. juli 2000. Målet for utgreiinga er bl.a.

"å få til en vesentlig liberalisering av navneloven", "gi rom for å ligge i forkant av/være på linje med den alminnelige rettsoppfatning", "åpne for at andre kulturer kan videreføre sin navnetradisjon ved innvandring til Norge", og redusere offentleg saksbehandling. Utgreiinga skal på høyring, bl.a. til Samarbeidsnemnda for namnegransking, og føre fram til eit lovframlegg. Arbeidsgruppa tek gjerne imot innspel.

Her skal eg ta opp nokre få emne som ofte går att i namnesaker, og som kan ha særleg interesse i det namnefaglege miljøet. Arbeidsgruppa har ikkje teke stilling til noko av dette til no. Eg tek gjerne imot synspunkt (adresse: Ivar Utne, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 BERGEN; e-post: ivar.utne@nor.uib.no; tlf. 55 58 24 04).

Felles mellom- og slektsnamn for ektefellar

Ein del ektefellar ønskjer felles dobbelt slektsnamn eller felles mellom- og slektsnamn. Dei skal vere samansette av namn frå begge partane. Etter gjeldande lov og praksis kan ektefellar ikkje ha felles mellomnamn eller doble slektsnamn, fordi mellomnamnet berre kan overførast i nedstigande linje (etter nærare reglar) og fordi nydanning av doble slektsnamn ikkje blir godteke. I Sverige kan ein ha felles mellomnamn, og i Danmark kan ein ha doble slektsnamn med bindestrek. Det er aktuelt å drøfte innføring av slike ordningar i Noreg. Dette krev òg at ein tek stilling til korleis ein fører vidare delar av eller kombinasjonar av slike namn til nye generasjonar.

Vidareføring av mellomnamn

Dei som ønskjer mellomnamn etter 1964-lova med seinare endringar og dagens praksis, blir stilte overfor strenge krav til bruk i nært føregåande generasjonar. Reglane var endå strengare i 1923-lova. Det finst ein del ønske om å få ta i bruk mellomnamn som har vore i bruk som mellom- eller slektsnamn for fleire generasjonar sidan, men med opphald i nokre mellomliggjande ledd. Slik oppmjuking kan det vere aktuelt å vurdere.

Ein viktig grunn til at ein har hatt streng regulering av mellomnamnsbruk i nyare tid, har bl.a. vore at det i mange samanhengar er uklart om det er for-, mellom- eller slektsnamn ein har med å gjere. Men med så mange mellomnamnberarar som vi har i landet, løyser ein neppe slike praktiske problem med innstramming.

Verna slektsnamn

Vern av slektsnamn har blitt drøfta både i samband med 1964-lova og i samband med seinare endringar. Det har stort sett skjedd ei gradvis liberalisering, bl.a. med omsyn til kor nær slektstilknyting ein må ha, og med fristilling av namn borne av meir enn 500 personar. Presset mot vernet kjem særleg av at det er vanskeleg å setje grenser for kven som skal ha rett til å ta i bruk eit namn, og fordi det foregår ei generell utvikling i retning av oppheving av særrettar i samfunnet. Aktuelle løysingar kan vere senking av grensa for vern (som er 500 namne-

berarar), lemping på krava om svært nær familietilknyting, eller ei overgangsordning som inneber at ein ikkje vernar nye namn etter ein bestemt dato. Ei fullstendig oppheving av vernet kan ein òg drøfte, men det har vore klar politisk motstand mot dette tidlegare. Spørsmålet om liberalisering av dette vernet er òg aktuelt for innvandrarar, fordi dei kan ønskje namn som er vanlege i heimlandet, men som det finst under 500 berarar av i Noreg.

Fornamn som slekts- og mellomnamn
Det finst kulturar som praktiserer bruk av farens fornamn som slektsnamn eller mellomnamn for barn, dels òg mannens fornamn som slektsnamn for kona. Eit stykke på veg blir slike skikkar godkjende for innvandrarar i Noreg. Ein må vurdere kor langt innvandrarar skal få vidareføre slike skikkar, og korleis ein skal skilje mellom dei som får og dei som ikkje får bruke slike skikkar her i landet.

Ivar Utne
Bergen

RETTINGAR

Det vart dessverre tre leie feil i førre nummeret av *Nytt om namn*. 1) På permen kom nummeret 27-1998 til å stå i staden for det korrekte 28; det måtte vi korrigere vi med ein liten klistrelapp med det rette nummeret. 2) Sidene 18 og 19 vart ombytte. 3) I artikkelen til Finn Myrvang om *Møysalen* stod det i det nedste avsnittet på side 36: "Møysal, det er det ordet som norske folkeviser brukar om jomfrubur, det som på gammalnorsk heiter *meyjar*." Det skal sjølvsagt vera *meyjarstofa*. Redaksjonen seier seg lei for desse feila.

NORMERING OG BRUK AV NAMN

EVALUERING AV LOV OM STADNAMN

Som meldt i tidligere nummer av *Nytt om namn*, arbeider Kulturdepartementet med evaluering av lov om stadnamn. Det er oppnevnt ei arbeidsgruppe bestående av Halldis Sandsdalen fra Kulturdepartementet (leder), Ståle Løland fra Norsk språkråd, Terje Larsen fra navnekonsulenttjenesten og Anne Svanevik fra Statens kartverk.

Sommeren 1997 ble spørreskjema utsendt til offentlige brukere av regelverket og til navnekonsulenttjenesten. Svarene fra denne undersøkelsen, sammen med andre innkomne innspill, brukes som grunnlag for forslag til endringer i regelverket. Arbeidsgruppa utreder områdene

begrepsbruk og definisjoner, lovens virkeområde (saklig og geografisk), saksbehandling, navnevern og navnsetting, bruk av stedsnavn, skille mellom gårdsnavn og bruksnavn, samt Sentralt stedsnavnregister. Forslagene blir etter planen lagt fram for Kulturdepartementet høsten 1999. Hvis departementet går inn for lovendring, sendes lovforslagene ut på høring før de legges fram for Stortinget til behandling. Deretter vurderes behovet for forskriftsendringer.

Anne Svanevik
Hønefoss

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som klagenemnda for stadnamnsaker har behandla ferdig i perioden mars 1998 til april 1999.

	Namn, komm., fylke	Klagars ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Litlberge, Overhalla, NTrl	Lilleberre	Lilleberge
2	Gussiås, Nesset, MoR	Gusjåsen	Gussiås
3	Fessdalen, Rissa, STrl	Fiksdal	Fessdalen
4	Kvennland, Osen, STrl	Kvernland	Kvernland
5	Melen, Overhalla, NTrl	Mælen	Melen
6	Belivollen, Overhalla, NTrl	Bellevold	Belgvoll
7	Hostvet, Kongsberg, Busk.	Hostvedt	Hostvet
8	Hotvet, Kongsberg, Busk.	Hotvedt	Hotvet
9	Ristvet, Kongsberg, Busk.	Ristvedt	Ristvet
10	Lindtvet, Kongsberg, Busk.	Lindtvedt	Lindtvet
11	Fale, Sunndal, MoR	Fahle	Fale
12	Bredeng, Verdal, NTrl	Breding	Bredeng
13	Litlgarden, Verdal, NTrl	Lillegård	Litlgarden
14	Hjellen, Verdal, NTrl	Helden	Hjellen
15	Tæle, Sund, Hord.	Telle	Telle
16	Litle-Sangolt, Sund, Hord.	Litle-Songal	Litle-Sangolt
17	Stora Risøyna, Sund, Hord.	Stora Risøy	Stora Risøyna
18	Litla Risøyna, Sund, Hord.	Litla Risøy	Litla Risøyna
19	Stora Vardøyna, Sund, Hord.	Stora Vardøy	Stora Vardøyna
20	Litla Vardøyna, Sund, Hord.	Litla Vardøy	Litla Vardøyna
21	Trellevika, Sund, Hord.	Trellevik	Trellevika
22	Tyssøyna, Sund, Hord.	Tyssøy	Tyssøyna
23	Bjelkarøyna, Sund, Hord.	Bjelkarøy	Bjelkarøyna
24	Lerøyna, Sund, Hord.	Lerøy	Lerøyna
25	Andsteinen	Ansteinen	Annsteinen
	Andsteinskjæra	Ansteinskjæra	Annsteinskjæra
	Andsteinsundet, Roan, STrl	Ansteinsundet	Annsteinsundet
26	Gramskardet, Trondheim, STrl	Gramskaret	Gramskaret
27	Skardberget, Trondheim, STrl	Skarberget	Skarberget
28	Bygrensa, Trondheim, STrl	Bygrensen	Bygrensa
29	Tysso, Voss, Hord.	Tyssen	Tysso
30	Jørneviki, Voss, Hord.	Jørnevik	Jørneviki
31	Horveid, Voss, Hord.	Horvei	Horveid
32	Nedre Skirvo, Voss, Hord.	Nedre Skjerven	Nedre Skjervo
33	Øvre Skirvo, Voss, Hord.	Øvre Skjerven	Øvre Skjervo
34	Skirveggi, Voss, Hord.	Skjerveggen	Skjerveggi
35	Bergslii, Voss, Hord.	Bergslien	Bergslia

36	Tvinno, Voss, Hord.	Tvinde	Tvinno
37	Gilbordo, Voss, Hord.	Gilborne	Gilborne
38	Nordrekvål, Voss, Hord.	Norekvål	Nordrekvål
39	Nordheim, Voss, Hord.	Norheim	Nordheim
40	Skitdikane, Voss, Hord.	Skjedikane	Skjedikane
41	Nedre Grauo, Voss, Hord.	Nedre Graue	Nedre Graue
42	Jeraldstveiti, Voss, Hord.	Gjeraldstveit	Jeraldstveiti
43	Jaktøya, Melhus, STrl	Jaktøyen/Jagtøyen	Jaktøya
44	Romol, Melhus, STrl	Rimol	Romol
45	Trandmel, Melhus, STrl	Tranmæl	Trannmel
46	Skjeggstad, Melhus, STrl	Skjegstad	Skjeggstad

Nokre opplysningar til oversynet

Namnetypar

Dei fleste sakene, i alt 33, gjeld reine *bruksnamn*. Elles gjeld klagene 9 *naturnamn*, 2 namn som både er *bruksnamn* og *naturnamn*, 1 *grendenamn* og 1 *områdenamn*.

Vedtaksorgan

Med unntak av grendenamnet *Gussiås* (sak nr. 2 i oversynet) har Statens kartverk vore vedtaksorgan i alle sakene.

Klagar

Til saman har 24 *grunneigarar* klaga, medan ein *kommune* har klaga i 12 saker. I 6 saker er både ein *kommune* og ein eller fleire *grunneigarar* klagar, og i 3 tilfelle er klagaren ein *lokal organisasjon*. I eitt tilfelle har eit *fylkeskartkontor* klaga på eit kommunalt vedtak.

Medhald/ikkje medhald

Det opphavlege vedtaket vart stadfest i 31 av sakene. I 8 saker fekk klagar medhald, medan klagar fekk delvis medhald i 4 saker. Nemnda gjorde nytt vedtak i 3 saker.

Dissensar i nemnda

I 35 av sakene var vedtaket samrøystes. Følgjeleg var det dissens i 8 saker, og i 2 av desse vart vedtaket gjort med dobbeltrøysta til leiaren. Dette gjeld sak nr. 2 og sak nr. 41 i oversynet.

Nemndas grunngjevingar

Eg skal til slutt ta med utdrag frå nokre av grunngjevingane til nemnda.

I sak nr. 1 ønskte klagar skrivemåten *Lilleberre* i staden for *Litlberge* som Statens kartverk hadde vedteke. Klagar fekk medhald når det galdt forma på førsteleddet, men ikkje på sisteleddet. Om førsteleddet seier nemnda:

> For dette ordet har rettskrivningen tre muligheter: litl(e)-, lisl(e)- og lill(e)-. Den tradisjonelle uttalen er */lijl-/*, og den formen som nok ligger nærmest denne uttalen, er *litl(e)-*. Dersom en skal følge hovedregelen, bør denne skrivemåten velges. Det

er imidlertid en betydelig tradisjon for skrivemåten Lille-, og nemnda finner at også denne formen må kunne godtas. Nemnda vil i denne sammenheng vise til formen er en rettskrivningsform, som ikke avviker vesentlig sterkere fra den tradisjonelle uttalen enn Litl-. I tillegg er formen ønsket av både kommunen og grunneieren som har uttalt seg, og dette ønsket skal det legges vekt på. Nemnda går derfor inn for at førsteleddet skal skrives Lille-.

Om sisteleddet heiter det:

Når det gjelder sisteleddet, er uttalen */-bæri/*. Kommunen mener at navneleddet går tilbake på norrønt *bæri* 'boplass' og ønsker skrivemåten -berre. Dette ser også ut til å være det primære ønsket til grunneieren som har uttalt seg. De eldste skriftformene er imidlertid varianter av berg, og nemnda slutter seg til konsulentene, som sier at det ikke kan være tvil om at sisteleddet inneholder dette ordet. Det er et allment kjent ord, som etter hovedregelen skal rette seg etter rettskrivningen, dvs. -berge. Nemnda har vurdert om det foreligger sterke nok grunner til å fravike hovedregelen i dette tilfellet, men har ikke funnet slike. Nemnda har i denne vurderingen lagt vekt på den lange skrifttradisjonen for -berg(e), og på at grunneieren som har uttalt seg, kan godta denne formen.

Nemnda fastsetter skrivemåten av dette navnet til Lilleberge.

Sak nr. 2 galdt skrivemåten av eit grendenamn. Nesset kommune hadde vedteke skrivemåten *Gussiås*, og fylkeskartkontoret i Møre og Romsdal klaga og ønskte forma *Gusjåsen*. I denne saka var nemnda delt, og vedtaket vart gjort med dobbeltrøysta til leiaren. Leiaren og den fritt oppnemnde medlemmen seier i si grunngjeving:

Denne saka gjeld eit grendenamn, og er i utgangspunktet reist av det lokale grendelaget. Det er synt eit sterkt lokalt engasjement, og ønsket er eintydig skrivemåten Gussiås, som er den namneforma bygdefolket identifiserer seg med. Også kommunen går inn for denne skrivemåten. Dette skal det leggjast vekt på, og vi vil i denne samanheng vise til Ot.prp. nr. 66 (1988-89) Lov om stadnamn s. 10. Vi har derfor etter ei samla vurdering kome til at det i denne saka er sterke nok grunnar til å fråvike hovudreglane i § 4 første og andre ledd, og vi går inn for at skrivemåten må vere Gussiås.

Dei to språkkunnige medlemmene seier:

Når det er opna for å fråvike hovudreglane i § 4 første og andre ledd, blir spørsmålet om det i denne saka ligg føre sterke nok grunnar til å gjere det. Dei argumenta som blir brukte for skrivemåten Gussiås, er at det er denne forma som kjennest naturleg for bygdefolket, og som dei identifiserer seg med. Det blir også vist til skrivemåten på skilt og til skrivemåten av slektsnamnet. Dette har vi forståing for, men etter vårt syn er ikkje desse grunnane vektige nok til at ein bør fråvike hovudreglane i dette tilfellet. Det er skrivemåten *Gusjåsen* som representerer den tradisjonelle uttalen, medan *Gussiås* først og fremst er ei slektsnamnform, som heller ikkje dominerer i skrift. Vi går inn for at skrivemåten må vere *Gusjåsen*.

I sak nr. 6 hadde Overhalla kommune klaga på vedtaket om skrivemåten *Belivollen* og ønskte i staden forma *Bellevold*. Nemnda vedtok *Belgvoll*, dvs. ei skriftform som verken var i samsvar med det opphavlege vedtaket eller ønsket til klagaren. Nemnda grunngjev vedtaket sitt slik:

Det er registrert tre uttalevarianter: */ˈbæljvålʃʃen/*, */ˈbæḷivåll/* og */ˈbæḷivåʃʃn/*, og saken gjelder tre forhold: skrivemåten av førsteleddet, skrivemåten av sisteleddet og bruken av bestemt eller ubestemt form.

Betydningen av førsteleddet er usikker. I Norske Gaardnavne blir det antatt at leddet inneholder ordet belg i en eller annen betydning, og det er denne tolkingen som ligger til grunn for skrivemåten Belg- som er brukt både i matrikkelen og på ØK og N50-kart. Uttalevariantene */bælj-/* og */bæḷi-/* (med tjukk l) viser at det ikke

kan være snakk om opprinnelig dobbel l, mens begge variantene kan gå tilbake på Belg-. Selv om det som nevnt knytter seg en viss usikkerhet til tolkingen av førsteleddet, vil nemnda gå inn for denne skrivemåten. Nemnda vil i denne sammenheng vise til at skrivemåten Belg- har vært brukt i offentlig sammenheng fra matrikkelutgivelsen i 1886.
Med hensyn til skrivemåten av sisteleddet, vil nemnda vise til at dette er et allment kjent ord. Etter § 2-3 første ledd i forskriftene skal en ved navn som inneholder allment kjente ord som hovedregel følge rettskrivningen. I gjeldende rettskrivning er voll eneform, og nemnda finner ikke sterke nok grunner til å fravike hovedregelen i dette tilfellet.
Når det gjelder bruken av bestemt eller ubestemt form, skal denne etter § 2-3 andre ledd, bokstav a i forskriftene som hovedregel rette seg etter målføret. Som vist ovenfor, er både bestemt og ubestemt form registrert som uttaleformer. I skrift er imidlertid ubestemt form enerådende også i nyere tid. Denne tradisjonen mener nemnda det bør legges vekt på, og går derfor inn for ubestemt form. Nemnda fastsetter skrivemåten til Belgvoll.

Også i to andre saker kom nemnda fram til ein skrivemåte som skilde seg frå både det opphavlege vedtaket og ønsket til klagaren. I sak nr. 25 ville Roan kommune ha skrivemåten *An-* i staden for *And-* i tre naturnamn. Vedtaket vart *Ann-* med denne grunngjevinga:

I denne saken finner nemnda det dokumentert at den nedarvete lokale uttalen er /ʔannstein/ med palatal (j-holdig) n i første stavelse. Dersom en følger hovedregelen i § 4 første ledd, vil skrivemåten måtte bli Annsteinen eller Andsteinen. Roan kommune ønsker skrivemåten Ansteinen og viser i sin begrunnelse til skrifttradisjonen og til at førsteleddet kan gå tilbake på norrønt ǫrn 'ørn'. Nemnda har vurdert om det er sterke nok grunner til å fravike hovedregelen i dette tilfellet og gi kommunen medhold i klagen, men har ikke funnet slike. Nemnda mener imidlertid at skrivemåten bør være Annsteinen og vil grunngi dette med at navnet ikke er sikkert tolket. Skrivemåten And- vil antyde at førsteleddet inneholder fuglenavnet and, noe nemnda ikke finner godt nok underbygd. Nemnda vil også vise til at tidligere skrivemåter er uten d. Nemnda fastsetter skriftformen til Annsteinen.

I sak nr. 45 hadde Melhus kommune og grunneigarane klaga på skrivemåten *Trandmel* og ønskte *Tranmæl* i staden. Nemnda vedtok *Trannmel* og grunngav vedtaket slik:

I denne saken finner nemnda det dokumentert at den nedarvete lokale uttalen er /ʔranɲmæ:ɸ/ med kort a og palatal (j-holdig) n i førsteleddet. Denne uttalen er fremdeles i levende bruk. Opphavet til førsteleddet er usikkert, mens sisteleddet er *mel* m. 'sandbakke'.
Når det gjelder førsteleddet vil skrivemåtene Trann- og Trand- begge være i samsvar med hovedregelen i § 4 første ledd i loven om å ta utgangspunkt i den lokale uttalen og følge gjeldende rettskrivningsprinsipper fordi både opphavlig nn og nd vil gi palatal uttale. Tran- vil derimot bryte med disse prinsippene fordi en på norsk markerer kort vokal med to etterfølgende konsonanter, jf. ordparet tak - takk. Nemnda har vurdert om det er grunnlag for å fravike hovedregelen i dette tilfellet og gå inn for skrivemåten Tran-, men har ikke funnet slike. Nemnda har i vurderingen lagt vekt på at den tradisjonelle uttalen fortsatt er den vanlige.
Valget står derfor mellom Trand- og Trann-. De eldste beleggene fra 1500-tallet til 1723 har nd, og dette kan tyde på at nd er det opphavlige konsonantsambandet. Dette er likevel usikkert. Nemnda har derfor kommet til at skriftformen bør ligge så nær opp til uttalen som mulig, og går inn for Trann-.
Med hensyn til sisteleddet er dette er et allment kjent ord, som etter hovedregelen i § 2-3 andre ledd i forskriftene skal følge rettskrivningen, der mel er eneform. Nemnda har vurdert om det finnes sterke nok grunner til å fravike hovedregelen i dette tilfellet, men har ikke funnet slike og går inn for skrivemåten -mel. Nemnda

vil i denne sammenheng også vise til at skrivemåten med e er enerådende fra 1500-tallet til slutten av 1800-tallet, og at han i nyere tid er brukt både på N50-kart, ØK og i bygdeboka. Nemnda fastsetter skrivemåten til Trannmel.

Nemnda har også behandla fire saker med namneleddet *-tvet*, der ønsket frå klagarane var *-tvedt*. Denne skrivemåten er svært utbreidd, og blir av mange sedd på som den einaste "rette". I desse sakene kom nemnda til at skrivemåten må vere *-tvet* med denne grunngjevinga henta frå sak nr. 8 *Hotvet*:

Skriftformen -tvedt vil imidlertid være i strid med prinsippet om en ordhistorisk (etymologisk) skrivemåte, som er et av hovedprinsippene i norsk rettskrivning. Nemnda vil i denne sammenheng vise til NOU 1983:6 Stadnamn s. 55.
Når særlige grunner taler for det, kan skrivemåten fravike gjeldende rettskrivnings-prinsipper, jf. § 4 tredje ledd i loven. Spørsmålet blir om det i denne saken finnes særlige grunner til å fravike hovedregelen om å følge gjeldende rettskrivnings-prinsipper, men nemnda har ikke funnet slike. Nemnda fastsetter skrivemåten til Hotvet, og viser også til vedtakene i sak 1/1998 Hostvet, sak 3/1998 Ristvet og sak 4/1998 Lindtvet.

Terje Larsen
Oslo

NOREG I NYNORSK!

I februar 1996 vedtok nynorskseksjonen i Norsk språkråd å tillate Norge som sideform i nynorsk ved sida av Noreg, fram til da eineform. Kulturdepartementet godkjende ikkje dette vedtaket, men varsla at det ville vurdere saka særskilt. Mellom dei mange som uttala seg om saka i den diskusjonsrunden som følgde, var Samarbeidsnemnda for namnegransking v/ nynorskmedlemmene i nemnda (dei bokmålsbrukande medlemmene ønskte ikkje å uttale seg). Nemnda delte seg i eit fleirtal og eit mindretal. Fleirtalet rådde til å halde på Noreg som eineform, mens mindretalet gjekk inn for at språkrådsvedtaket vart godkjent.

I mars 1999 vedtok departementet å underkjenne vedtaket i Språkrådet, og halde fast på Noreg som eineform i nynorsk.

Vi prentar her dei to fråsegnene Samarbeidsnemnda sende våren 1996.

Fleirtalsfråsegna:

Om skrivemåten av landsnamnet Noreg/Norge i nynorsk

Samarbeidsnemnda for namnegransking ved dei norske universiteta og høgskolane er kjend med at Norsk språkråd i januar vedtok å tilrå at forma *Norge* blir godkjend som sideform i nynorsk, og at departementet no vurderer å ta ei avgjerd i denne saka.

Samarbeidsnemnda seier seg lei for at Norsk språkråd har fatta vedtak i saka utan å leggje ho fram for Namnekonsulentinstitusjonen, som i denne samanhengen må seiast å representere den faglege ekspertisen ved

sida av Samarbeidsnemnda. Spørsmålet om *Noreg/Norge* er ført opp på saklista for septembermøtet til namnekonsulentane, og Samarbeidsnemnda vil be om at Kulturdepartementet ventar med si avgjerd til det ligg føre tilråding frå Namnekonsulentinstitusjonen.

Fram til 1917 var *Norig* den vanlege forma i nynorsk, utan at det var noko formelt vedtak om det, men på bakgrunn av at *Norig* var forma i Aasen-normalen. I tillegg var også *Noreg* ein del nytta. Ved rettskrivingsendringa for nynorsk i 1917 vart *Norig* og *Norge* jamstelte former, men *Norge* vart lite bruka. Utover i 1920- og 30-åra blir forma *Noreg* meir og meir vanleg i nynorsk, etter eit vedtak i Noregs Mållag i 1922. For di ho vart oppfatta som ei kompromiss- og samnorskform vart ho og introdusert i riksmålet/bokmålet, t.d. i Ivar Alnæs si *Uttaleordbok for bokmålet* (2. utg. 1925). Ved rettskrivingsvedtaket i 1938 vart *Noreg* eineform i nynorsk skriftmål og har vore det sia. – I norrøne skrifter var forma *Noreg(r)*, av eldre *Norðvegr*, som direkte viser til det etymologiske opphavet 'nordvegen, vegen mot nord'.

Dei tradisjonelt nedervde uttaleformene av landsnamnet vårt har i store delar av landet vore *Når(r)i* o.l. (tilsvarande normert *Norig/Noreg*) til langt ut i etterkrigstida. I dag er uttaleforma *Nårge* dominerande, men det einstavings tonelaget som denne uttaleforma har mange stader, viser at det kan vera ei blandingsform med *Når(r)i*. *Norge* må såleis sjåast som ei skriftbasert uttaleform.

Etter at vi i 1990 fekk "Lov om stadnamn", må det vera naturleg å vurdere landsnamnet opp mot henne. Men dette er ikkje enkelt. Såleis meiner Samarbeidsnemnda at spørsmålet om *Noreg/Norge* står i ei særstilling her, og Samarbeidsnemnda synest at ei slik vurdering nok først og fremst er ei oppgåve for Namnekonsulentinstitusjonen. Der finst og den juridiske ekspertise som er naudsynt i eit slikt tilfelle. I denne samanhengen bør Kulturdepartementet/Namnekonsulentinstitusjonen vurdere om spørsmålet om landsnamnet vårt eigentleg er ei lovsak.

Vi vil likevel nemne nokre punkt som det knapt kan vera særleg tvil om:

1. "Lov om stadnamn" (med dei tilhøyrande forskriftene) er ikkje utforma med tanke på landsnamnet vårt. Slik sett bør det vera lovas ånd meir enn lovas bokstav ein bør feste seg ved i denne samanhengen.
2. Å ha to ulike former av landsnamnet i landsmål/nynorsk og dansknorsk/bokmål, synest ikkje å vera urimeleg. Det er slik det har vore i innpå halvtanna hundreår. Her kan ein seie praksis har skapt ein solid presedens for ulike former av sentrale stadnamn, for så vidt på same måten som når vi har *Austlandet* på nynorsk, men *Østlandet* på bokmål, eller elvenamna *Glåma* og *Glomma*. (Også utalandske stadnamn og institusjonsnamn kan ha ulike former etter kva målform ein nyttar.)
3. I tilknyting til pkt. 1 må vi kunne slå fast at det er eit prinsipp i "Lov om stadnamn" (med forskrifter) at meir lokale namn (typen

gatenamn, tunnelnamn) skal kunne avgjerast av lokale organ (t.d. kommunestyre) eller faginstansar (t.d. Statens vegvesen), meir sentrale eller omfattande namn (t.d. soknenamn) skal avgjerast i fora som femner vidare (t.d. departementet). Slik sett kan det knapt vera tvil om at det er Departementet (eller høgare organ) som bør avgjera forma på landsnamnet vårt.

Sikker denotasjonsendring eller ikkje, her som ved det enkle Tjønnvolltjønna kan vi spørje om eit usamansett opphavsnamn *Bekken, *Tjønna, *Å(g)a osv. noka tid fanst eller om den samansette namneforma berre viser til eit *underforstått* ("ideelt") namn? Vi ser at *Bekken osv. i det minste var tenleg som utmerking og viktig nok til å få eit samansett namn - om enn etter eige "avkom" - så mitt standpunkt er at eit opphavleg usamansett namn iallfall *kan* ha vore til.

Renotasjon?

Eg har leita etter ein høveleg merkelapp for dette meir eller mindre ukompliserte gjendøperiet og har til så lenge festa meg ved renotere og renotasjon. Jamfør lat. *notare* "peika ut, merkja ut, sikta på, nemna" osv. Frå før har vi som nemnt termen denotere, denotasjon osv. Fagordlista har som parentesform (med vising til finsk og dansk litteratur) også tatt med konnotere og konnotasjon, runne av same rot.

Meir allment kan renotere samanliknast med ord som revidere, repatriere osv. Prefikset *re-* er ifølgje The Concise Oxford Dictionary "attachable to almost any verb or its derivative, meaning: **a** once more; afresh, anew (readjust, renumber). **b** back; with return to a previous state (reassemble,; reverse) [..]".

Om eg forsøksvis skulle formulere ein definisjon, kunne denne lyde slik: "**Renotasjon** vil seie at eit lokalitetsnamn som ved denotasjonsendring har kome til å gjelde ein annan og oftast nærliggande lokalitet, blir utmerking i eit samansett nytt namn på den *opphavlege*

lokaliteten, enten det til nytt hovudledd blir brukt same grunnordet eller eit synonym"; t.d. Fjell(s)fjellet, Holmøya, Haukåsåsen og Storvikbukta (direkte eller udekt renotasjon).

Der det opphavlege lokalitetsnamnet (utan påviseleg denotasjons-endring) kjem tilbake som berre ein del av utmerkinga i det nye namnet, over ei mellomliggande namneform, kan vi tale om indirekte eller dekt renotasjon. T.d. Fjellakselfjellet, Åvikelva".

Treng vi termen renotasjon, attåt epeksegese og tautologi? Det finst utan tvil delte meiningar om det. Enkelte synest nok at eg her har gjort greie for lite nytt, andre at oversynet har interesse, men at dei ikkje likar termen! I det minste har eg fått vise kor vanleg fenomenet er og at ein merkelapp trengst, men er nøgd dersom nokon finn eit ord/ei nemning som er betre og som endå tydelegare poengterer det "tilbakevendande" aspektet.

Frå arbeidet med databasar for stadnamn frå Nordland veit eg iallfall at det nokså ofte oppstår mistanke om det eg kallar renotasjon, men at knappe opplysningar kan gjere vurderinga vanskeleg. Eg trur det kan komme til nytte at slike tvilstilfelle er merkte med eit lite "Renot." (evt. med "?" til) i merknadsrubrikken, som gjer det enkelt for fram-tidige brukarar å gå inn i databasen, sile frå og kritisk vurdere kor omfangsrik og/eller viktig kategorien er, heilt på line med "Juxtap(osition)" eller anna det er gjort merknad om.

Mistankar om renotasjon, direkte eller indirekte, kan det især vere nyttig å få med seg ved namn der uttaleendringar har ført til ny namnetolking, t.d. *Nordstevikstøa* (Øksnes), truleg tufta på eit opphavleg *Nordstøvika. Eit anna, interessant døme er gardsnamnet *Vottesnes* (Hadsel), sannsynlegvis eit tidleg dissimilert *Vottnesnes (det finst ein grunne *Votten* på staden). Renotert og ettertrykkeleg mistydd er "Svarttindhaugvatnet" <"*Svarttjønnhaugvatnet" (Bø). *Svarttinden finst nemleg ikkje på staden, derimot ei myrtjørn; likevel held korrekt namneform *Svarttjønna* på å bli gløymt. – For å illustrere overgangen tjønn > tjynn > tjinn > tind betre, tar eg med frå same område namnet *Tjønnbugan* (det viser til ei anna tjønn), som vi etter uttalen no kunne skrive Kynnbogan! Jfr. og Kinnvolltjønna og Tjønnvolltjønna, alt nemnde.

Nemninga renotasjon med eller utan spørsmålsteikn kan også vere god å ha ved samansette namneformer som *Hillesåknausen* (Andøy), *Holmåkklubben* (Steigen), *Skjerdingheiskaret* (Steigen) og fleire, utan at ein dermed treng gå inn på spørsmål om tautologi eller epeksegese i alle samanhengar.

Det kan vere rett å seie at eg har laga ein inndelingsmåte ad hoc, eller funne på eit par-tre nemningar utan å undersøke kor godt dei går saman med andre termar, så det er på ingen måte sjølsagt at dei vinn allmenn tilslutning! Men eg held fast på at iallfall sjølve termen renota-sjon er nyttig – til ein tydelegare er funnen.

Epeksegese ved språkskifte

I område der det har skjedd språkblanding og språkskifte, i gammal eller nyare tid, må vi rekne med å møte især epeksegetiske namneformer ganske ofte.

Utmerkinga i namnet *Korsdalen* fleire stader er nok samisk *korsa, gorsa* (sørsam. *garse*) "dalkløft, trong dal" mm., med *-dalen* som norsk epeksegese. Særs utbreidd er samansettinga *Kjerk(e)steinen*, som iblant er heilt norsk (steinen ligg nær kyrkja, minner om ei kyrkje eller har med kyrkjeferdene å gjere). Men vel så ofte er det tale om eit samisk ord for stein (sørsam. *gierkie* o.l., lulesam. *gierge*, nordsam. *gieðgi*), atter med norsk epeksegese.

Derimot blir det misvisande å tale om epeksegese eller eventuelt tautologi i ei samansetting som *Kjerkdalura* (Beiarn), om vi held oss til definisjonane. Her seier derimot renotasjon, brukt i vidaste meining, noko om namneutviklinga: Samlinga av stein (urda) motiverte eit dalnamn med utmerking Kjerk(e)- + truleg eit samisk hovudledd, ikkje i første omgang -dalen som no. Samansettinga Kjerkdalura var i sin tur sjølvsagd, for folk som ikkje visste kva Kjerk- stod for.

Eit kjent nordlandsk namn er *Kappfjell(et)*, der den fornorska utmerkinga Kapp- (eigentleg sørsamisk *gabpe*) ifølgje Qvigstad svarar til eit nordligare samisk *kobbo*, som denoterer "rundvoren haug eller hump i elles flatt landskap". Det siste ordet er ved epeksegese blitt til *Kobbåsen* (Bø) mens det eg har kalla indirekte renotasjon gav *Kobbedalskollen* (Andøy) og *Kobbskarhågen* (Steigen).

Vi må ha lov å kalle Kobbåsen eit norsk namn og eit døme på epeksegese, likeins Korsdalen og Kjerk(e)steinen. Kva samar (dei er vanlegvis tospråklege) og då især samiske stadnamngranskarar vil seie om saka veit eg ikkje, men reknar med at dei frå sin ståstad kan oppfatte slike namn og dette med epeksegese kontra tautologi annleis. Spissformulert: Ikkje alle våre definisjonar tar omsyn til språkblanding, ikkje alle våre stadnamn tar omsyn til definisjonar.

Finn Myrvang
Bø

NAMNEVERN FOR FORNAMN

Leiaren i *Nytt om namn* nr. 28 tar opp *namnevern* for stadnamn. Og det er rett som det står, at det trengst lovvern av sjølve namnet, ikkje berre av skrivemåten som nå.

Men kva med *fornamna* til folk? Dei har ikkje ein gong vern for skrivemåten.

Eg har sett meg lei på den skikken som er komen dei siste tiåra med å skriva berre forbokstaven i fornamnet til forfattarar i litteratur–oversikter til vitskaplege arbeid. Også namnegranskarar gjer det, til og med fornamngranskarar. På omslaget til *Namn og nemne* står det enda at

det skal gjerast så. Kven har fastsett det? Og kva for avgjerdsmakt har dei?

Ein kan undrast kven skrivaren har i tankane når han skriv og sett opp litteraturliste. Vert det skrive berre for spesialistar, som kjenner faglitteraturen og namna frå før? Skriv ikkje fagfolk lenger for interesserte lekfolk? Ei forenkling av fornamnet til forbokstaven gjev ufullstendig opplysning og ligg nær slurv. Det hjelper ikkje om det er vanleg i andre land og andre fag.

Etter gammal og levande norsk skikk er det fornamnet som ein først og fremst heiter. Adelsfolk, embetsmenn, borgarar, bybuarar og anna fint folk har rett nok etter kvart lagt hovudvekta på etternamnet, slektsnamnet. Det får så vera at folk som sjølv har korta fornamnet sitt, vert attgivne på same måten. For den som alltid har nytta eige fornamn ved sida av etternamnet i skrift og gjerne også i tale, kan det vera krenkjande å få fornamnet korta til ein bokstav. M. Olsen er ei misdanning av Magnus Olsen.

Uskikken bør bort. Namnegranskarane skulle vera nærast til å sjå samanhengen i fornamnbruken gjennom tidene og til å verna om fornamna og skrivemåten. Dei burde vera dei første til å bryta dårleg namneskikk i litteraturtilvisingar.

Ein kan ikkje berre vera namnegranskar. Ein er også namnebrukar, med dei pliktene det gir. Namn vert verna ved bruk.

Tor Falch
Levanger

VÅRE LANDSDELSNAVN

Et lite tillegg til Norsk stadnamnleksikon

I dag deles Norge vanligvis inn i fem hovedlandsdeler: *Østlandet* og *Vestlandet*, *Nord-Norge* og *Sørlandet*, og *Trøndelag* ("Midt-Norge"). Dette er ikke administrative enheter, og de har følgelig ingen fast definerte grenser. Statistisk sentralbyrå definerer dem imidlertid vanligvis som grupperinger av våre fylker på følgende måte:

Østlandet = Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold og (vanligvis) Telemark.
Vestlandet = Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
Nord-Norge = Nordland, Troms og Finnmark.
Sørlandet = Aust-Agder og Vest-Agder.
Trøndelag = Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Andre vil imidlertid gi våre landsdeler mer 'myke' grenser som ikke er så rigid bundet til fylkesgrensene (mer om dette nedenfor).

Norsk stadnamnleksikon omtaler alle disse fem landsdelsnavnene, men gir ingen dateringer av dem (med unntak av *Sørlandet* og *Trøndelag*). Hensikten med denne artikkelen er derfor å gi litt mer utfyllende opplysninger om dette.

Trøndelag

Vårt eldste landsdelsnavn (som opprinnelig 'bare' var et landskapsnavn) er *Trøndelag* – det er sannsynligvis fra 600-tallet (eller enda eldre). Navnet er laget etter folkenavnet *trønder*, og betydningen er "'trønderane sitt lovområde'" (*Norsk stadnamnleksikon* 1997:464).

Innbyggerbetegnelsen er altså grei, men grensene er blitt sterkt utvidet siden 600-tallet: Opprinnelig var det bare de indre bygdene omkring Trondheimsfjorden som ble kalt for *Trøndelag*, men i dag definerer man vanligvis *Trøndelag* som identisk med de to Trøndelagsfylkene. Denne 'grenseutvidelsen' har sannsynligvis skjedd så sent som etter 1919 (*Søndre Trondhjems amt* og *Nordre Trondhjems amt* skiftet da navn til *Sør-Trøndelag* og *Nord-Trøndelag*). Dette støttes av opplysningene i *Salmonsens Konversationsleksikon*:

> "**Trøndelagen** er en almindelig benyttet Benævnelse paa Egnen omkring Trondhjemsfjorden eller - i noget udvidet Betydning - paa begge Trondhjemsfylkerne." (SK 1927).

En må være klar over at folk fra Namdalen og Fosen fortsatt har en sterk selvbevissthet – og jeg vet ikke i hvilken grad disse liker å bli kalt for *trøndere*.

I middelalderen fantes ved siden av navnet *Trøndelag* også landskapsnavnet *Trondheim(en)*. Hva slags områder disse begrepene egentlig dekket, er imidlertid noe uklart, for ulike oppslagsverker gir ganske ulike svar:

> "I Middelalderen anvendtes Benævnelsen T[røndelagen] paa hele Landstrækningen fra Romsdalen Nord over til Hálogaland, saa langt den norske Befolkning da boede." (SK 1927).

> "**Þrændalǫg** n. pl. Trøndelag, = *Frostuþingslǫg*." (Norrøn ordbok 1975:457).

> "T[røndelag] omfatta [i gno. tid] berre dei indre bygdene kring Trondheimsfjorden" (NSL 1997:464).

> "**Þróndheimr** (og *Þrándheimr*) m. **1.** Trøndelag (Nordmøre og Namdalen medrekna)." (*Norrøn ordbok* 1975:456).

> "**Trondheimen** hist. brukt om det eigentlege > *Trøndelag*." (NSL 1997:463).

Her kunne det vel ha vært på sin plass med en liten opprydding?

(Midt-Norge)
De siste årene har man (i første rekke i turistmessige sammenhenger) forsøkt å innføre navnet og begrepet *Midt-Norge* – i første rekke som en erstatning for *Trøndelag*, men det omfatter gjerne også Møre og Romsdal fylke og landskapet Helgeland (jfr NSL:29). Det synes imidlertid ikke som om dette har slått noe særlig an, og det er da heller ikke laget noen innbyggerbetegnelse til dette navnet (*midtnorging*?).

En kan forøvrig merke seg at begrepet *Midt-Norge* også ble brukt i norrøn tid (*miðr Noregr* og *mitt land*) - men det betegnet da det området som vi i dag kaller *Vestlandet* (mer om det nedenfor).

Vestlandet og Østlandet
Landsdelsnavnene *Vestlandet* og *Østlandet* må være like gamle (det ene navnet forutsetter det andre) - hvor langt tilbake i tid disse navnene går er imidlertid noe uklart. Anne Engø ved Seksjon for leksikografi, UiO, har vært så vennlig å søke etter eldste belegg for disse navnene (og innbyggerbetegnelsene *vestlending* og *østlending*), og hun endte opp med følgende resultater: Claus Pavels omtaler seg selv som "Østlænding" i 1812 (i sine dagboknotater) – og samme år skriver han om "Vestlandet" og "Østlandet". For å finne det eldste belegget for *vestlending* må vi imidlertid gå til Henrik Wergeland: I 1832 (i *Folkebladet*) skriver han om "baade Øst- og Vestlændinger".

Det har ikke vært mulig å finne noen belegg av de fire begrepene hos noen forfattere fra 1700-tallet (eller tidligere) – både Pavels og Wergeland bruker imidlertid disse begrepene på en slik måte at en må anta at de allerede da var velkjente og allment aksepterte. Hvor langt tilbake i tid en kan trekke disse begrepene er derfor fortsatt noe usikkert. Her bør det dessuten legges til at det i folkemålet har eksistert andre betegnelser for folk fra vest og øst:

> "Dølane på hi sida av Vidda kalla alle vestlendingar oppover til Sognefjorden for *nordmenn*, og sjølve gjekk dei i Hardanger og Ryfylke under namnet *austmenn*." (NSL 1997:334).

Uansett - utover på 1800-tallet blir iallfall begrepene *Østlandet/Vestlandet* og *østlending/vestlending* flittig brukt av en rekke norske forfattere (her må særlig fremheves Bjørnstjerne Bjørnson), og bevisstheten om at det fantes store forskjeller mellom Vestlandet og Østlandet økte ytterligere mot slutten av 1800-tallet: I 1897 ga Andreas M. Hansen ut sin bok *Norsk Folkepsykologi* der han skjelnet mellom en langskallet, lys, høy og åpen innlandstype – og en kortskallet, mørk, kortvokst og mistroisk kysttype. Noen år senere (1909) introduserte Nils Kjær oss for *Vestlandsfanden*, og han lever som kjent fortsatt i beste velgående. Og *Salmonsens*

Konversationsleksikon konkluderer med at "Befolkningen paa Vestlandet adskiller sig i sproglig Henseende og Karakteregenskaber meget fra Østlændingen." (SK 1928).

Et eget problem er grensen mellom Vestlandet og Østlandet – tidligere gikk grensen for Vestlandet svært langt mot øst: I 1832 begynte man å utgi avisen *Vestlandske Tidende* i Arendal (!), og opplysningene i Hans Ross' *Norsk Ordbog* er nærmest sjokkerende:

> "For Folk fra Øst- og Nordegnen om Oslofjorden kan 'Vestlandet' begynde ved Horten[!]" (NO 1895).

Ivar Aasens definisjon i sin ordbok støtter dette, men er samtidig mer oppklarende:

> "'Vestlandet' som her nærmest betegner den vestligste eller vestenfjeldske Deel af Norge; men som i de østligste Egne ogsaa betegner den søndenfjeldske Kyst (eller Arendals-Siden)." (*Norsk Ordbog* 1873).

Det var først med Vilhelm Krags oppfinnelse av *Sørlandet* i 1901 at dette problemet ble løst (se nedenfor). Grensene ble likevel ikke helt avklart: *Sørlandet* er et flytende begrep (jfr nedenfor), og Vestlandets nordgrense er heller ikke helt enkel å definere (Sunnmøre er helt klart en del av Vestlandet - mens Romsdal og Nordmøre er mer tvilsomme).

Østlandet er heller ikke helt klart definert, en må ofte klargjøre om en regner med Telemark eller ikke ("Østlandet med/uten Telemark").

Nord-Norge

Landsdelsnavnet *Nord-Norge* ble, ifølge Ottar Fyllingsnes, laget på slutten av 1800-tallet:

> "I 1894 skapte den nordnorske intelligentsiaen i hovudstaden omgrepet Nord-Noreg." (*Dag og Tid* nr 7 1998).

Og ifølge *Salmonsens Konversationsleksikon* vant dette navnet raskt anerkjennelse:

> "Nord-Norge er en Betegnelse paa de nordlige Landsdele, omfattende Nordland, Troms og Finmark Fylker, som først har vundet Hævd siden 1919, men nu er alm. benyttet." (SK 1924).

Grensene for Nord-Norge har aldri vært omdiskutert, men innbyggerbetegnelsen har det vært verre med: Begrepet *nordlending* burde egentlig vært forbeholdt folk fra Nordland fylke, og "ein finnmarking kjenner seg aldri vel om han vert omtalt som nordlending"

(*Dag og Tid* nr 7 1998). Det har vært forsøk på å innføre den mer nøytrale betegnelsen "nord-norging", men dette har ikke slått an.[1]

(Sør-Norge)
Etter at begrepet *Nord-Norge* var etablert fikk man automatisk begrepet *Sør-Norge* om resten av Norge. Etter min mening kan imidlertid ikke dette regnes som et landsdelsnavn: Det finnes ingen samlende sørnorsk identitet, og følgelig finnes det heller ingen innbyggerbetegnelse til dette begrepet. Folk fra Nord-Norge snakker riktignok om "søringer", men siden dette ikke brukes av folk fra Sør-Norge som noen identitetsmarkør, så må det vel mer regnes som et skjellsord ("di jævla søringan!").

Sørlandet
Vårt nyeste landsdelsnavn er *Sørlandet*, og historien om hvordan dikteren Vilhelm Krag skapte dette begrepet i 1901 er allment kjent. Det er også omtalt i *Norsk Stadnamnleksikon* (NSL 1997:444), og jeg skal derfor ikke gå nærmere inn på dette her.

Innbyggerbetegnelsen for *Sørlandet* er grei, den er *sørlending*. Grensene for Sørlandet har imidlertid vært mye diskutert. *Salmonsens Konversationsleksikon* definerer dem på følgende måte:

> "Til S. regner man omtr. Fylkene Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder samt Telemark. Det vil sige fra Risør i Øst til Stavanger i Vest, den "bløde" Kyststribe, d. v. s. hvor Talesproget har bløde Konsonanter." (SK 1927).

Senere har man imidlertid strammet inn dette, og Norsk stadnamnleksikon definerer i dag Sørlandet som:

> "til vanleg dei ytre strok av Agderfylka." (NSL 1997:444).

I statistiske sammenhenger definerer man, som nevnt, vanligvis Sørlandet som Agderfylkene – men det er vel tvilsomt om befolkningen i Setesdalen, og andre indre bygder, ønsker å omtale seg selv som *sørlendinger*.

Inndelingen av Norge i eldre tider
Siden våre landsdelsnavn er så unge, er det naturlig å spørre seg hvordan man klarte seg i tidligere tider. Når det gjelder inndelingen i vikingtid og middelalder er dette imidlertid ikke så enkelt å svare på: Inndelingen av Norge i større og mindre enheter var skiftende, og kildene er ofte både uklare og motstridende. Ifølge Snorre virker det imidlertid som om man

---

[1]Også "nording" og "håløyg" har vært foreslått og diskutert, se artikler i *Språknytt* 1978, nr. 2 s. 4 og nr. 3 s. 3-6. Men heller ingen av disse har slått an. En livlig avisdebatt om saka sommeren 1978 gav inntrykk av at de fleste foretrakk "nordlending" eller ingen fellesbetegnelse i det hele tatt. (Red.)

delte Norge inn i tre hoveddeler: *norðr í land(i)*, *mitt land* og *austr í land(i)*. Grensen mellom 'nord i landet' og 'midtlandet' må ganske sikkert ha vært Stadlandet (*Staðr*), mens grensen mellom 'midtlandet' og 'øst i landet' er mer uklar (valget står her mellom Åna-Sira, Lindesnes, Rygjarbit og Langesundsfjorden [*Grenmar*] – personlig holder jeg en knapp på Lindesnes).

At man i moderne oversettelser av Snorres Kongesagaer bruker begrepene *Østlandet* og *Vestlandet* synes jeg er noe uheldig og anakronistisk – *austr í land(i)* burde heller oversettes med "øst i landet" e.l. (noe som til dels også er blitt gjort), og *mitt land* burde heller oversettes med "Midtlandet" eller "Midt-Norge" (og da selvsagt med en forklaring på hvordan dette begrepet ble brukt i norrøn tid).

I senmiddelalderen ble den administrative inndelingen av Norge sterkt endret (*syslene* ble erstattet av *len* m.m.), og de administrative grensene var lenge skiftende og ustabile. Jeg vil her bare kort nevne at inndelingen av Norge i fire hovedlen omkring 1560 var overraskende lik våre dagers landsdeler: *Bergenhus hovedlen – nordlige del* (*Nordlandene*) tilsvarte våre dagers Nord-Norge, *Trondhjem hovedlen* tilsvarte våre dagers Trøndelag, med Nordmøre og Romsdal (og Jemtland og Herjedalen), *Bergenhus hovedlen – sørlige del* tilsvarte omtrent våre dagers Vestlandet (kyststrekningen fra og med Sunnmøre til Lindesnes) og *Akershus hovedlen* tilsvarte omtrent våre dagers Østlandet (kyststrekningen fra Lindesnes, med innlandsområdene, til Båhuslen [som var et eget hovedlen]).

Etter reformasjonen ble Norge inndelt i fire *stift* (bispedømmer), og etter bestemmelsene om innføringen av amtsinndelingen av 1671 og 1685 ble grensene for disse identiske med de fire hovedamtene (som derfor gjerne ble kalt for *stiftamter*). Grensene for de fire stiftene var stort sett uforandret i perioden 1631–1844, og de samsvarte i stor grad med våre dagers fem landsdeler (*Trondhjem stift* besto av Romsdal, Nordmøre, Trøndelag og Nord-Norge; *Bergen stift* besto av Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre; *Stavanger* [fra 1682 *Kristiansand*] *stift* besto av Rogaland, Agder og [øvre] Telemark; og *Kristiania stift* besto av Østlandet). Frem til midten av 1800-tallet kunne derfor stift[amt]ene fungere på en god måte som landsdelsregioner.

Frode Korslund
Oslo

BOKMELDINGAR

NAMN ER MYE MEIR ENN NAMN

T. Andersson, E. Brylla og A. Jacobson-Widding: *Personnamn och social identitet.* Konferenser 42. Kungl. Vitterhets-, Historie- och Antikvitets-Akademien, Stockholm 1998

I førre nummeret av *Nytt om Namn* kom vi med ei stutt omtale av konferanserapporten *Personnamn och social identitet*, basert på eit sammøte mellom antropologar og namnegranskarar, mest svenske, på Stora Brännbo i Sigtuna i 1996. Her skal vi sjå litt nærare på nokre av bidraga og temaa som var framme, og som avspeglar seg i boka.

Det viktigaste vi kan lære av boka, er å relativere det synet dei fleste av oss har på kva som er "naturleg" og "normalt" når det gjeld personnamn, ved så konkret som her å få framstilt korleis namn både kan strukturerast på heilt andre måtar, ha heilt andre psykologiske implikasjonar for berarane, og kor intimt knytte namna er til ulike måtar å oppleve identitet og tilknytinga til eit sosialt fellesskap på. Utgangspunktet er, kan ein seie, vårt vestlege system med eit individuelt fornamn og eit slekts- eller ekteskapsbasert etternamn som fungerer som "referansenamn", pluss mellomnamn som gjerne sjølv har fornamn- eller etternamnkarakter. Det er så inngrodd, ikkje minst fordi den vesteuropeiske og nordamerikanske kulturen insisterer på denne strukturen, at det kan vere vanskeleg jamvel å respektere mindre avvik innanfor denne kulturen, som det islandske systemet der berre fornamnet er referansenamn. Datoriseringa pressar denne einsrettinga enda meir fram.

Dei alternative namnestrukturane som blir representerte i boka grupperer seg både i forhold til tid og rom. Nokre artiklar tek for seg historiske strukturar som på sett og vis er føresetnader for den vi har i dag. Andre – dei fleste – går utanfor Europa og viser ein vid variasjon i ei rekkje ikkje-vestlege kulturar. Nokre held seg innanfor Sveriges grenser og beskriv lokale namnetradisjonar som skil seg sterkt frå den moderne, mens andre framstiller nokre av dei endringstendensane vi i dag ser rett framfor auga våre, som reflekterer ei utvikling mot stadig meir individualisering i "postmoderne" forstand og m.a. fører til eit meir "utvendig" forhold til eige namn enn det vi har hatt til no. Dessverre manglar boka presentasjonar av forfattarane, så vi må ut frå innhaldet i artiklane slutte oss til kva fagleg ståstad dei har, men for meg verkar det som at samfunnsvitarane, særleg antropologane, dominerer talmessig over språkvitarane, som eg reknar namnegranskarar som. Derfor inneheld da også boka mye ny innsikt nettopp for oss på språksida. Dei fleste artiklane er på svensk (eller, så vidt det er, norsk) med engelsk samandrag; nokre få er på engelsk.

Dei historiske artiklane tek for seg gammalgermansk namngjeving i eit indoeuropeisk perspektiv (Thorsten Andersson), og romerske (Heikki Solin), persiske (Bo Utas) og indiske (Gunilla Gren-Eklund) namneskikkar. Andersson konsentrerer seg om dei toledda namna i det gammalgermanske aristokratiet, som skil seg frå beslekta kulturar ved den vekta som blir lagd på kamp, strid og heltedyrking – jamvel i kvinnenamn, noko Andersson set i samanheng med mytiske valkyrjeførestellingar, ikkje med faktiske kjønnsroller. Solins gjennomgang av dei romerske namneskikkane frå førhistorisk tid til slutten av keisartida viser ei utvikling frå eit eittnamnsystem til eit svært utbrodert system av fornamn, slektsnamn og tilnamn av ulike slag – tilnamna kunne vere individuelle, men lett gå over til å bli arvelege. Så langt minner det om det moderne systemet, jamvel med den skikken å forkorte fornamnet til ein initial. Men dei opphavlege fornamna minka så sterkt i tal at dei etter kvart mista den individualiserande funksjonen sin, slik at tilnamna kom inn i staden og vart "verkelege" namn. I keisartida skjedde det ei massiv frigjeving av slavar som fekk slektsnamn etter den keisaren som rådde da dei vart frigitt, med den følgja at også slektsnamna vart ubrukande. Tilnamna tok etter kvart over som individuelle namn, slik at eittnamnsystemet kom tilbake. Dette skjedde over lang tid, og nokre hundreår etterpå, fram mot år 1000, begynte skikken med slektsnamn å komme opp att i norditalienske byar. Derfrå spreidde dei seg ut over Europa. Vårt moderne namnesystem har altså røtene sine her, og går såleis ikkje direkte tilbake på det romerske systemet, enda det til dels liknar på det.

Bo Utas sin artikkel om persiske namneskikkar over 2500 år, er òg interessant: Frå eit indoeuropeisk basert gammalpersisk system med mange toledda namn – ofte med religiøs (zoroastrisk) bakgrunn – fekk vi ein overgang til eit reint arabisk system med islamiseringa, seinare supplert med eit tyrkisk innslag. Under sjahdømmet i vårt hundreår skjedde det ein reaksjon mot dei islamske namna, og dei hadde ein "persisk namnerenessanse" med ei nyoppliving av dei gammalpersiske namna. Khomeiny-revolusjonen omgjorde dette igjen og la til rette for ny islamisering, men Utas har likevel konstatert at dette ikkje har gått så langt som ein kunne vente, og at dei "ekte persiske" namna held stand i trass mot den offisielle politikken. I alle fall var det slik sist på åttitalet, og utviklinga i Iran dei siste åra kan få oss til å tippe at denne tendensen held seg. Namnestudiar kan altså også gi innsikt i skjulte politiske og ideologiske prosessar i eit folk.

Av dei artiklane som tek for seg ikkje-vestlege samfunn, kan det vere naturleg her å framheve dei som handlar om dei to folkegruppene i Zimbabwe, av Anita Jacobson-Widding (shona) og Björn Lindgren (ndebele), sjå òg førre *Nytt om Namn* s. 29-36. Jacobson-Widding skildrar korleis namnebruk fungerer som del av den sosiale samhandlinga, ikkje minst barneoppseding, i ein shona-landsby. Ho tek utgangspunkt i at våre vestlege namn er "ego-sentriske" fordi dei set ein fast identitet på individet som i prinsippet gjeld uendra frå fødsel til død.

Shona-namn (og namn i mange andre ikkje-vestlege kulturar) er "sosiosentriske": dei markerer dei sosiale relasjonane individet inngår i og kan skifte ettersom desse relasjonane skiftar. I shona-samfunnet er det såleis vanleg å omtale folk som "far til x", eller "mor til y", og det er da slektsrelasjonen som gir identitet. Jacobson-Widding gir elles ei levande skildring av korleis bruk av namn og andre tiltaleord (oftast slektskapstermar) er med og befestar kjønnsrollene hos den oppveksande slekta. Lindgren, på si side, konsentrerer seg om den namnetypen som kan kallast "totemnamn" eller "klannamn" i ndebele-samfunnet, og viser korleis dei kan brukast og til dels manipulerast til å understreke eller dempe bestemte etniske og sub-etniske identitetar. Det ligg under at etnisitet ikkje er noko gitt; folk og slekter kan blande seg eller velje å ta på seg ein annan identitet, eller gjerne skifte mellom dei i ulike kontekstar. Både Jacobson-Widding og Lindgren bruker namneskikkane som utgangspunkt for å belyse meir generelle antropologiske problemstillingar, hos Lindgren altså det flytande og problematiske etnisitetsomgrepet. Frå eit anna afrikansk samfunn, sukuma- og nyamwezi-folka i Tanzania, melder Per Brandström at namn som skal gi identitet må bety noko, i motsetning til her i vest, men i likskap med Zimbabwe: Eit barn som Brandström berga ved å kjøre mora til sjukehuset under fødselen, fekk namnet Lolandi, som på det lokale språket tyder "Sjå, eg er!", og var ei fonetisk tilpassing av Brandströms mellomnamn Roland.

Enda meir kompliserte system blir skildra av Jan-Åke Alvarsson (weenhayek-folket i Bolivia), Gudrun Dahl (oromofolket i Etiopia) og Ida Nicolaysen (Punan Dah-folket på Borneo). Her finn vi komplekse samanhengar mellom namn og sjelsførestellingar. Weenhayek-folket har såleis namn i ulike "lag", frå eit intimt personnamn som står i samband med sjela og i prinsippet er hemmeleg, eitt eller fleire "ytre" og sosiale namn som kan endrast etter ulike omstendigheiter knytte til folks livssoge og forhold til samfunnet elles, og offisielle spanske namn som berre er til bruk i kontaktar med det offentlege, men som blir oppgitt til utanforstående. I slike situasjonar kan det – som Alvarsson rapporterer eit konkret døme på – hende at eldre folk "gløymer" det offisielle namnet sitt, som dei aldri bruker i kvardagslivet i sitt eige miljø.

Den tredje gruppa artiklar handlar da om svenske tilhøve. Tre av dei er historiske. Gudrun Utterström skriv om tilhøvet mellom slektsnamn og sosial klasse eller sjikt i det tradisjonelle svenske standssamfunnet, og gir ei svært interessant oversikt over svensk namne- og sosialhistorie. Inger Larsson skriv om "gårdsnamn" i Dalarna. Denne artikkelen er ikkje så informativ som ein kunne ha ønskt, på grunn av ei uklar og "innforstått" behandling av omgrepet "gårdsnamn". Denne termen er svært forvirrande for den som står utanfor svensk namnegransking – ifølgje Larsson kanskje jamvel for dei som er innanfor. Det er i alle fall noko anna enn gardsnamn, som på svensk heiter *gårdnamn*. "Gårdsnamn" er "farm-related personal names" ifølgje det engelske samandraget, personnamn som på nokon måte knyter folk til ein gard. Men mange av desse namna

er laga av personnamn, yrkesnamn, soldatnamn osv. – så vidt eg forstår ut frå namnet til den første brukaren av ein gard eller plass. Men artikkelen burde nok ha vore innleidd med ei klarare omgrepsdefinering og eksemplifisering av korleis desse namna knytte person og gard saman.

Også Eva Bryllas artikkel om svensk tilnamnsskikk i kvinneperspektiv er mest historisk, i og med at ho gir ei oversikt over bruken av metronym og tilnamn på *-dotter* gjennom tidene. Men som emnet tilseier, dreg ho linene ned til vår tid ved å gå inn på nye tendensar i etternamnvala til gifte kvinner etter dei nyaste personnamnlovene. Torsten Halén tek opp denne tråden når han beskriv lovgjevinga og lovpraktiseringa på dette feltet i dagens Sverige, og strekar opp nokre tendensar som viser seg i søknader om namnebyte dei siste åra. Her kjem spørsmålet om identitet og folks identitetsoppfatning sterkt inn, og like eins feministiske perspektiv, og ikkje minst internasjonaliseringa og dei problema innvandrarar kan få med namna sine. Sverige prøver å følgje ein mellomveg mellom det å tillate full internasjonalisering av namneskikkar og det å tvihalde på det tradisjonelle svenske systemet, men tendensen går i retning av aukande liberalitet. Andre moderne samfunn med klart normative tradisjonar i slike spørsmål står sjølvsagt i same dilemmaet, og som alle veit, har spørsmåla langt fleire aspekt enn berre dei namnefaglege. Det er i det heile ein høveleg konklusjon på heile denne boka, at namn er mye meir enn namn.

Lars S. Vikør
Oslo

ETTERLENGTET RYGH-BIBLIOGRAFI

Anders Løøv: *Oluf Rygh 1833 – 1899. En bibliografi. Skrifter av og om Oluf Rygh.* 40 s. Luejie bokforlag, Trondheim.

Merkelig nok har ingen kommet på å skrive en bibliografi over Oluf Ryghs livsverk før nå, men til Oluf Rygh-symposiet på Stiklestad i mai forelå den – endelig. Førstebibliotekar Anders Løøv ved Gunnerusbiblioteket, Universitetsbiblioteket i Trondheim, har imidlertid ikke nøyd seg med Ryghs ca. 65 trykte bøker og artikler (mellom 1859 og 1898 – foruten de posthumt utgitte verkene). Bibliografien omfatter også (åtte) "oversettelser og utgivelser besørget av Oluf Rygh", og har en lenge etterlengtet innholdsfortegnelse over "Norske stedsnavne. Artikkelserie av Oluf Rygh i Landsbladet 1893–1896", en kortfattet oversikt over "manuskripter relatert til Oluf Rygh" i Riksarkivet og universitetsbibliotekene samt – som antydet i tittelen – en fire siders liste med "litteratur om Oluf Rygh".

I flere tilfeller kommenterer Løøv kort innholdet i bøker og artikler (f.eks. hvilke navn artikkelen drøfter) og opplyser gjerne om seinere, evt. omarbeidete utgaver, som f.eks. at *Forord* og *Indledning* til Norske

Gaardnavne fra 1898 nå foreligger i faksimileutgave fra 1999 (se nedenfor). Pussig nok nevner han ikke den tilsvarende utgaven fra Børsum forlag (1966), men en slik mangel kan vi leve med. Løøvs bibliografi synes i det hele tatt å være så omfattende og nøyaktig som det lar seg gjøre. Det er imidlertid én publikasjon fra 1897, der Rygh rett nok bare var medforfatter, som jeg ikke har funnet i bibliografien. I Terje Larsens *Norsk stadnamnbibliografi* kalles den "Plan for Udgivelsen af de af Matrikel-Navnekomissionen samlede Oplysninger om Norske Gaardnavne". Larsen nevner også (for samme år) "Veiledning i Indsamling av Materialer til Belysning af Stedsnavne", men denne gjenfinnes i Løøvs bibliografi under den tittelen Oddvar Nes valgte da han utgav arbeidet i *Namn og nemne* 7 (1990).

Enkelte småfeil finnes nok, men de er ikke mange. Det er noen få trykkfeil; eller skal det kanskje stå "faksimile utgave" (i to ord) under NG 2 på side 17? Skrev Oluf Rygh virkelig "Baakelsby i Ømark" (jfr. gnr. 103 Våkelsby)? Jeg vil også peke på en detalj som at "FØRSTE HALVDEL" og "ANDEN HALVDEL" av NG IV er gjengitt som "1ste Halvdel" og "2den Halvdel", men dette er kanskje en del av ISBD-standarden forfatteren nevner i forordet?

Mine små innvendinger til tross, Anders Løøv har med sin Rygh-bibliografi gitt oss et uvurderlig hjelpemiddel i det daglige arbeidet og en inspirasjon til ytterligere studier i et fascinerende forfatterskap.

Boka kan bestilles fra Luejie bokforlag, Viktor Baumanns v. 3b, 7020 Trondheim.

Tom Schmidt
Oslo

RYGHS *FORORD* OG *INDLEDNING* ATTER I HANDELEN

Forord og *Indledning* til Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* er atter å få i bokhandelen. Den nye utgåva vart presentert på Oluf Rygh-symposiet på Stiklestad 14.–15. mai 1999. Det er tale om ei faksimileutgåve utgjeven på Tapir forlag, Trondheim. Sjølv om denne svært instruktive teksten etter kvart vert tilgjengeleg på Internett (sjå s. 9–10), bør interesserte skaffa seg bokversjonen. Her får ein i eit nataskal essensen av *Norske Gaardnavne* – bakgrunn, typologi og dei viktigaste namneledda.

Tapir forlag har samstundes gjeve ut ei faksimileutgåve av *Norske Oldsager* av same forfattar.

BH

OMTALER AV HOVUDOPPGÅVER

SMÅNAMN FRÅ EI SUNNMØRSBYGD

Ragnhild Engeset: *Stadnamn frå Hovdebygda på Sunnmøre*. Bergen 1995

Hovudoppgåva *Stadnamn frå Hovdebygda på Sunnmøre* på heile 213 A4-sider, som Ragnhild Engeset skreiv til norsk hovudfag ved Universitetet i Bergen hausten 1995, er eit grundig og systematisk arbeid. Den alfabetiske stadnamnlista bak i oppgåva inneheld 923 namn medrekna om lag 80 likelydande namn av typen *Bakken, Dalen*. Alle namna er frå Hovden skulekrins, som ikkje verkar som eit opplagt innsamlingsområde namnefagleg sett, men som reint praktisk fungerer godt. Namna er oppførte med normert skrivemåte, fonemisk lydskrift, men utan vedlagt lydopptak av uttalen, kartbladreferanse og namnenummer. Denne dokumentasjonsdelen er mønstergyldig og den aller beste delen av oppgåva, som i mange andre tilsvarande hovudoppgåver.

Den språklege analysen følgjer det tradisjonelle Indrebø-mønsteret henta frå "Stadnamni i ei fjellbygd" frå 1921 med eigne kapittel om målføret, grunnord, og utmerkingsledd, som eg nok etter kvart har vorte noko kritisk til.

Kvart av hovudkapitla er fagleg solid og velskrive. Målførekapitlet t.d. er på over 30 sider og gjev eit godt oversyn over fonemsystemet og det morfologiske systemet, men tek for stor plass i oppgåva etter mitt syn. Den alfabetiske lista over 169 grunnord har med opplysningar om norrøn form, målføreuttale, målførebøying, grammatisk struktur, tyding (frå Aasens *Ordbog*) og appellativbruk. Men Engeset, som mange før henne, må også ty til eit eige kapittel om namn utan terrengskildrande grunnord, noko som viser hovudveikskapen med termen *grunnord* både semantisk og funksjonelt. Ved å blande ordklasse og grammatisk funksjon (hovudledd) i eit namn synest denne termen å skape fleire problem enn den løyser.

Å ordne namna etter innhaldet i utmerkingsleddet, gjev nok eit godt oversyn over ulike namnegrupper, og dette er framifrå gjort i oppgåva med fyldige opplysningar. Men det slår meg likevel at det først og fremst er hovudleddet som avgjer kva for hovudgruppe det er tale om, ikkje utmerkingsleddet. Utmerkingsleddet er nemleg eit modifiserande ledd med adjektivisk funksjon både i samansette namn og andre namnehypotagme. Difor burde namna etter mitt syn først og fremst ha vore ordna i semantiske hovudgrupper etter hovudleddet, slik Oluf Rygh gjer i *Indledning* (1898) til *Norske Gaardnavne*, deretter etter utmerkingsleddet. Eg såg nok også helst at namna først vart ordna og tolka i grupper som *heile* namneformer, og deretter vart oppdelte i mindre namneledd og analyserte vidare. Stadnamn utgjer nemleg ei eiga gruppe av propria, og

dei bør difor analyserast i samsvar med dette og ikkje på same måten som appellativa, slik Indrebø faktisk gjer i praksis ved ikkje å skilje skarpt mellom ord og stadnamn, men berre tolke dei ulike språklege einingane som eit namn inneheld.

Sidan storparten av dei om lag 900 analyserte namna er enkle og gjennomskodelege, kan heller ikkje tolkingane bli så veldig interessante eller fagleg utfordrande, jamvel om både ordforklaringane og namnetolkingane i og for seg er greie nok. Basert på analysemåten Ragnhild Engeset har valt, som eg er noko kritisk til, er dette eit grundig og systematisk dokumentasjons- og analysearbeid av ei utvald gruppe av "smånamn" frå heimbygda hennar.

PH

NAMN OG SPRÅKKONTAKT PÅ ORKNØYANE

Berit Sandnes: *Bimbister og Brae of Bilinga. En studie av norrøne stedsnavn i et språkkontaktområde, Harray på Orknøyene.* Trondheim 1996

Dette er eit solid stykke arbeid av ein type som ikkje er vidare frekvent i norsk stadnamngransking. Det er lenge mellom kvar gong vi ser eit norsk arbeid om det norrøne namneverket utom Norge, og dessutan er ikkje etymologien og kulturhistoria for ein gongs skyld det einaste som blir sett på som interessant i dette arbeidet. Her er i tillegg sjølve språkkontaktsituasjonen eit emne for analyse, og for dei skotsk-engelske namna som blir drøfta, og likeins hybridnamna.

Geografisk er området for undersøkinga avgrensa til soknet Harray. Det hørest som om det dreier seg om ei øy, men namnet kjem frå norrønt *Herað* og er faktisk det einaste soknet på Orknøyane som ikkje grensar mot sjø. Ein må vedgå at det kjennest litt rart å lesa seg gjennom ei samling av opp mot 600 namn frå Orknøyane utan å komma over eit einaste namn som har med salt sjø å gjera. Om ikkje soknet just er representativt i så måte, innebar valet av dette området fordelar, for i Harray er bøndene stort sett framleis sjølveigarar – noko vi veit verkar konserverande på namnematerialet – og dessutan fanst det alt ei samling teignamn frå soknet.

Sandnes har eit innleiande teorikapittel der ho drøftar terminologi, klassifikasjon og språkkontakt i namneverket. Eit grundig historisk oversyn drøftar m.a. møtet mellom det norrøne og det piktiske folket – her er forfattaren klokelig varsam med å komma med bastante meiningar – og når og korleis norn døydde ut på Orknøyane. Det er litt overraskande at Sandnes viser til Jakob Jakobsens temmelig umoderne syn på ei gradvis utarming av sjølve språket, og at ho ikkje nemner ein sosiolingvistisk forklaringsmodell på språkdød. Her kunne ho ha vist til Brian Smiths arbeid om den historiske situasjonen kring språkskiftet på Shetland.

Avsnitta om organiseringa av busettinga og om kjeldegrunnlaget er gjennomarbeidde og interessante. I kapitlet om tidligare forsking blir naturlig nok namneleddskronologien til Hugh Marwick kritisk vurdert, og Sandnes meiner med god grunn at Marwicks forslag til produktiv periode for fleire av etterledda i bustadnamna er for snever. Det er litt synd at Sandnes aksepterer argumentet om at ein i kronologien helst skal sjå bort frå topografiske namn bruka som busettingsnamn. Fleire forskarar meiner no at vi ved å gjera dette kan komma til å utelata mange av dei aller eldste gardane.

Etter eit nyttig oversyn over lydverket i dialekten og lydovergangane frå norrønt til engelsk kjem sjølve namneanalysen, først av bustadnamn og deretter teignamn og naturnamn. Teignamna tek opp brorparten av analysen, og det må ligga mykje tolmod og detektivarbeid bak mange av tolkingane av alle desse dårlig dokumenterte namna som i tillegg har gått gjennom eit språkskifte.

Det kanskje mest interessante kapitlet er det som drøftar namnematerialet i heilskap. Her står så klart språkkontakt og namnekontakt i fokus. Hybridnamn og interferens blir diskutert ut ifrå semantisk og fonetisk tilpassing, og eit eige avsnitt tek for seg morfologien og komposisjonen av namna. Her har Sandnes ein interessant teori om den særs vanlige konstruksjonen med *of*, typen *Burn of Gueth*. W. H. F. Nicolaisen har tradisjonelt forklart dette som eit resultat av møtet mellom gælisk og engelsk, men Sandnes meiner konstruksjonen generelt kan ha oppstått under påverking frå fransk (Île de France), og at den uvanlig høge frekvensen av *of*-konstruksjonen på Orknøyane kan ha norrønt grunnlag i typen *Gran på Hadeland*. Sandnes har lagt ut om denne teorien i artikkelen "The Bu of Orphir, Burn of Gueth – a Gaelic Pattern in Orkney Place-Names?" i *Northern Studies* 32 (s. 125–128), og ein artikkel som baserer seg på tema frå hovudoppgåva er "Stedsnavn av norrønt opphav" i *Namn och Bygd* 86 (s. 41–63).

Så klart er det òg i denne hovudoppgåva detaljar ein kunne ha opponert imot, ein kunne ha peikt på småfeil, uteglømmingar i sekundærlitteraturen o.l., men hovudinntrykket er at dette er eit særs kompetent stykke arbeid.

Arne Kruse
Edinburgh

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676